

## **Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.**

Stad/tidspunkt: Herand skule (kjøkken), 19.august 2013, kl. 19.00-22.00.

Til stades: Sidsel Haugen, Kaia Gulbrandsen, Hanne E. Hesthammer, Knut Haugen, Arne Bergstø, Gerd Ingeborg Haugen, Sigmund Eiken og Britt-Heidi Selsvik.

### **Sak 1, Godkjenning av referat og møteinnkalling.**

Inga merknader til møteinnkalling.

Inga merknader til referat.

Oppfølging og gjennomgang over ulike oppgåver for styremedlemmene etter siste styremøte vart utkvittert.

### **Sak 2, Herandshelg.**

Gjennomgang av referat skrive av Hanne E. Dette kan nyttast som «arbeidsreidskap» for framtidige komitèar for Herandshelga.

Mange positive attendemeldingar etter helga. Bygdelaget sit att med eit overskot på kr. 8791.03.-

### **Sak 3, Bygdekafè.**

Denne fortset som før, men etter ønskje blir tidspunkt endra.

Ny tid blir kl. **16.00-18.00**.

Ny liste med datoar blir sendt ut. Først ut er Landskapsparken, 8. september-13.

### **Sak 4, Haustmarknad/auksjon 12.oktober-13, kl. 11.00-16.00.**

Styret har under planlegging å skipa til marknad/auksjon på Herand skule. Det har gjennom år samla seg mykje « ting og tang» i Herand skule, som ingen brukar lengre. Styret ønskjer difor å rydda og bli av med saker som ikkje lengre har noko verdi i å ha ståande.

Tanken er òg å ha ei form for «Krambu», der ulike lokale produkt kan seljast. Den tradisjonelle Julemarknaden utgår difor dette året. Det vil òg bli matsal.

## Sak 5, Eventuelt.

- a) STILK-midler har vore nytta for å få utført slåing av areal som Bygdelaget har ansvaret for. Dette ønskjer Bygdelaget skal vidareførast neste år. Sigmund arbeidar med dette.
- b) Overfylte bossdunkar (hytterenasjon). Sigmund har arbeidd med dette. Så langt er det sagt, at det blir sett opp gjerde kring dunkane.
- c) Marine Harvest har tilbode bygda å setja opp bru over elva ved utlaupet av Viddalsvatnet. Herand Bygdelag ser svært positivt på dette. Saka vil bli drøfta med Landskapsparken og Herand idrettslag, for i lag å ta på seg ansvaret for brua i framtida. Sigmund arbeidar med denne saka.
- d) Jondal kommunale barnehage kan i følgje Samarbeidsavtalen som var inngått med Herand Barnehage, kjøpa utstyr frå Herand Barnehage, når denne ikkje er i drift. Styrar i Jondal kjem for å sjå kva ho vil kjøpa.

Britt-Heidi Selsvik/ skriver.